

ÅRSMELDING 2018

IKORNES SOKNERÅD



Foto: Hallvard Sandvik

Ikornes sokneråd er slik samansett for perioden 2015-2019:

Leiar: Irene Hørte Høibakk

Nestleiar: Trygve Ebbesvik

Anne Rita Kvistad Utgård

Elin Anett Hellbostad Våtmyr

Per Gunnar Ulla

Ina Merete Grøvik

Sokneprest : Erlend Lunde, sekretær

Talet på soknerådsmøter i 2018: 5

Talet på felles soknerådsmøte i 2018: 1

Møtereferata ligg på kyrkja si heimesida www.sykkylven.kyrkja.no

Soknerådet sine oppgåver

Hovudoppgåvene til soknerådet er nemnd i § 9 i kyrkelova:

“Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nærme det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides.”

Dei viktigaste sakene i 2018 kan nemnast:

Gudstenestearbeidet

Gudstenestene er stort sett presten sitt ansvar, men i Ikornnes kyrkje er også innslaget av frivillige markant.

Her skal nemnast: Tekstlesar, kyrkjetenar, kyrkjevert, ansvarlige for kyrjekaffi, søndagsskule, forsongarar, solistar, deltakande kor og musikalske innslag.

Kyrkjedagane

Kyrkjedagane vart 2018 halde den 9. til 11. Februar, med godt frammøte.

Fredag:

- Program med Per Inge Haugen
- Konsert med Jon Reidars og gruppa “The six pence”.

Laurdag:

- Familiedag med tombola, åresal, mat og program. Jippi-koret og korpsmusikk.

Søndag:

- Gudsteneste med kakefest

Barnearbeidet

Søndagsskule

Kvar søndag under gudstenesta er det eiga søndagsskule under preika

Jippi-koret

Jippi-koret. Kvar torsdag samlast ca 40 barn i alderen 2.-5.klasse i kyrkja. Kl. 14.00 er det et måltid mat. kl. 14.30 – 15.30 er det songøving. Det heile blir avslutta i kyrkjerommet.

Ungdoms- og konfirmantarbeid

Tweensklubb

Tweensklubben er ein klubb for born i 5. til 7. klasse som samlast ein onsdagskveld i månaden i kyrkja. Dei speler ulike spel, som biljard, bordtennis, wii, RC biler og mykje meir. Kvelden blir avslutta med samlingsstund rundt matbordet.

Konfirmantarbeidet

Konfirmantarbeidet for begge sokna er samla til konfirmantlaurdagar i Ikornnes kyrkje med undervisning og aktivitetar.

I 2018 hadde vi 2 konfirmasjonsgudstenester.

Diakoniarbeid og eldrearbeid

Diakoniarbeid

Ein diakoniplan har blitt utarbeida for kyrkjelydane samla.

Tysdagstreff

Annankvar tysdag har ei gruppe frivillige ansvaret for eit arrangement som samlar 30-50 personar til program, mat og prat.

Eldresdagen

Eldresdagen er eit årleg samarbeid mellom sokneråda og Sykkylven kommune. Den vert innleia med gudsteneste i Sykkylven kyrkje og etter den er det samling i kyrkjestova til middag og program. Sokneråda står for det praktiske ved arrangementet.

Misjon

Ikornnes sokneråd har i 2018 fortsett dei to misjonsavtalane dei har:

Kirkens Bymisjon i Ålesund

NMS sitt arbeid i Midt-Østen

Soknerådet har forplikta seg til forbønn og kr 10.000,- prosjekt årleg

Eitåring:

Frå sommaren 2018 har kyrkjelydane i Sykkylven hatt ein eitåring ifrå bibelskulen i Grimstad. Han har bl.anna hjelpt til med konfirmant- og ungdomsarbeid.

Kyrkjelydsarbeid

Salmekveldar

Frivillige stod i 2018 for salmekveldar, der ei syng av salmeskatten vår. Ein forsongargruppe leia songen med innslag av solistar. Kveldane vert avslutta med kveldsmat.

Bønemøte

Ei gruppe av kyrkjelydsmedlemmer møte jamleg til bibelesing og bøn i kyrkja

Orgelklubb

Det er fortsatt nokre flinke ungdommer som lærer å spele litt orgel. Dei har fått prøve seg i nokre gudstenester.

Uteige av kyrkja til den Katolske kyrkja

Ein søndag i månaden leiger den katolske kyrkje Ikornnes kyrkje til gudsteneste.

Øving ved Hundeidvik blandakor

Hundeidvik blandakor har øving i kyrkja kvar tysdag. Som vederlag syng dei ved 2 gudstenester.

Jubileumsbok

Vi har i 2018 solgt Jubileumsboka for Ikornnes kyrkje sitt 40 års jubileum. Har fortsatt litt bøker som kan selgast.

Instagram

Ikorntnes kyrkje har eigen instagramkonto; *ikornneskyrkje*

Flaggstang

Soknerådet ønsker å få satt opp ei flaggstang ved kyrkja, men har ikkje fått dette gjennom i kommuna. Vi jobber vidare med det.

Økonomi

Soknerådet

Soknerådet sitt økonomiske ansvar er knytt hovudoppgåva: Vekke og nære det kristelige liv i soknet. Soknerådet sine inntekter er gjennom:

Kyrkeofferoffer

Kyrkjelydsdagane

Inntekter ved arrangement

Gåver

Samla overskot i 2018 er på kr. 155 294,- Kr. 100 000,- av dette er gåve til kjøp av flygel
Fondsmidla gjekk frå kr 834.628 i 2017 til kr 989 923,. i 2018

Fonda for Ikorntnes kyrkje:

Barne- og ungdomsarbeid kr 532 563

Kyrkjelydsarbeid kr 357 360

Ikorntnes kyrkje kr 100 000

I tillegg er der fond vi har saman med Sykkylven sokneråd til fellestiltak i begge sokna

Trusopplæring	2017	kr 1.967.971	2018	kr 1 402 776
Musikkarbeid	2017	kr 61.074	2018	kr 54 441
Stabsutvikling	2017	kr 31.899	2018	kr 40 422
Diakoniarbeid	2017	kr 817.681	2018	kr 817 681

Sykkylven fellesråd

Sykkylven kyrkjelege fellesråd, har det økonomiske ansvaret for dei 2 kyrkjene og det økonomiske ansvaret og arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeled tilsette. Fellesrådet er samansett av 2 medlemmer frå Ikorntnes sokneråd, 2 medlemmer frå Sykkylven sokneråd, ein kommunal representant og prostten.

Totalt gir Sykkylven kommune eit tilskot på kr 3,9 millionar kroner. Dette har vore uendra i 3 år, og vi har ikkje fått kompensasjon for lønns og prisvekst. Dette utgjer ein nedgang i tilskotet på ca 15%.

Ikornnes sokneråd vil takke alle friviljuge som gjer ei stor innsats for å bidra til å vekke og nærme det kristelige liv i soknet.

Og takka går til vår Gud: Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera uendeleg mykje meir enn alt vi bed om og skjønar, han vere ære i forsamlings og i Kristus Jesus gjennom alle slekter og alle æver! Amen. (Ef. 3,20-21)